Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Sola

Emne: Ymse attåtfôr — Bygdelag: Tjøreneset

Oppskr. av: Andreas Ropeid — Gard:

(adresse): — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Tor Meling, bonde, f. på Meling 1888.

SVAR

I. A og B. Ukjent.

II A og B.
T.M. kjenner ingen på Tjøreneset som har sanka tare til fôr, men han Ivar i Nov (Grannes, f. i 1840-åra) skal ha sanka tare til grisene. „Men så såg dei ut som tarasvin" og „vart det hermt etter ein kar som fortalde dette.

III Ukjent

IV Ukjent.

V 1. Det har ikkje vore vanleg å koka fôr til kyrne. Det einaste T.M. kjenner til er at Erik Faltinsen Meling (f. på Aubø i Sjernarøy ca 1845, kom til Meling ca 1865) kokte kålrabi til kyrne i bruinggryta. Det lukta så fælt av det.

2. Etter gamalt skar dei halmen ~~på~~ på skjerkista eller på hakkemaskin til hesten. Han fekk hakket med vatn og klipé. ~~Hesten~~ Dei bløytte agnene, mest av havre, og gav hesten. Kyrne fekk halmen heil. Dei som vondla (det hadde dei ikkje gjort hos T.M., men det

13444

vor mange andre som gjorde det) gav halmen i vonteler. Frå 1900, då dei fekk elektrisitet og motorkraft, tok dei til å hakka halmen til kyrne òg. Dei laga det til om kvelden i krubba eller i kassor med vatn og mjøl og gav det om morgonen. Dei kalla det drevja, f., men dette ordet nytta dei illgje om det som hesten fekk.

3. Drevja vor alltid kald.

4. Ukjent.

5. Det vor nokre få som kjøpte eplerev, n på ein potetmjølfabrikk i Stavangr som låg der Lilleborg-fabrikken nå ligg. T.M. hev gjort det sjøl ein gong og gav revet til grisene. Han kjenne illgje til korleis dei andre brukte det. Det vor illgje alment å kjøpa eller eplerev; før brua over Hafrsfjord nom hadde bøndene på Gjøvenuset opptil 2,5 mils byveg.

6. Magnus Meland hev kjøpt drav på Stavangr, men han vor mest den einaste. T.M. kjenne illgje til korleis han nytta det.

VI.

Det treffe at dei kjøpte sild når ho vor billeg, salta henne og gav kyrne 1-2 silder kvar for dogen. Grisene, helst avlssuggr, fekk fersk sild eller sildeavfall rått. Det treffe og at dei kjøpte ~~ko~~ salt sildeavfall til kyrne frå fabrikk.

7. Til for 40-50 år sidan vor det vanleg å varma vatn til kyrne i brunn-gryta i brunnhuset. Dei skor eplekål, n og la i gryta; då fekk dei låg. Kålet skor dei med sigd og hesja det laust i løa på strengr som dei slo fast på spikerslaga i veggen. Kyrne vor ville etter løgen, og dei måtte alltid ha litt i drikkevatnet. Kybærr fekk varmt drikka med litt mjøl i til or 30 år sidan. Dei kunne ha høy og i løgen.

13444